

Bømloblåsen 2014

Rapport og rekneskap

Hordaland Fylkeskommune

22 DES 2014

Me viser til vår søknad om tilskott til Bømloblåsen sitt 25-års jubileums-arrangement, datert 09.10.14, samt dykkar tildeling datert 05.12.14.

Tusen takk for tilskottet på kr 10.000,-. Det er me svært takksame for.

Bømlo Janitsjar sitt kontonummer: 3520.55.28014

Bømloblåsen vart arrangert laurdag 18.10.14 som planlagt. Arrangementet gjekk svært bra og som planlagt. Dei 10 skulekorpsa som deltok kom frå kommunane Stord, Fitjar, Sveio, Tysnes og Bømlo.

Konkuransen starta kl. 11:00 (oppvarming frå kl. 10:40), og blei avslutta med festkonsert og premieutdeling. Vinnarkorpset i år vart Fitjar skulekorps, som då tok over vandrepokalen frå Langeland skulekorps. Solistprisen gjekk også til Fitjar (Guro Rimmereid, Flygelhorn). Andreplassen gjekk til Rubbestadneset/Svortland/Meling samarbeidskorps, og tredjepllassen gjekk til Langeland skulekorps.

Også i år var det ein god del barn som deltok i konkurransen for første gong . Totalt var det 200 musikantar som konkurrerte.

Dommarar var Per Olav Paulsen og Karl Ole Midtbø. Arrangementet var over ca. kl. 16:00.

Då me no har runda 25 år med Bømloblåsen, vil me evaluera arrangementet for å sjå om det er tid å fornye det innanfor tidsramma på ein dag. Alle deltakande korps er invitert til å komma med innspel om kva dei meiner fungerer greit og kva me bør vurdera å forbedra eller endra. Styret vil ha klart resultatet med eventuelle anbefalinger til årsmøtet i mars -15.

Rekneskap (sammendrag)

Inntekter:	Deltakeravgift, billettsalg	36.240,-
Utgifter:	Lokalleie m/utstyr	10.000,-
	Premier, diplomar, medaljer	7.185,-
	Blomster, annonser, program,etc.	6.693,-
	Lønn, reiseutgifter, to instruktører	8.160,-
	Lønn, reiseutgifter, to dommarar	9.200,-
	<u>Lønn, dirigent og konferansier</u>	<u>3.800,</u>
	<u>Sum utgifter</u>	<u>45.038,-</u>
<u>Resultat:</u>		<u>- 8.798,-</u>

Me har følgende kommentarer til rekneskapen.

- Inntektene blei noko høgare enn budsjettet grunna meir i deltakeravgift , samt noko høgare billettinntekter.
- Leige av lokale blei noko billigare pga me tok noko av reinhaldet sjølve.
- Trykking av program blei utført til redusert kostnad av bedriften til ein av våre medlemmer.
- Utgifter til instruktører blei høgare pga me leigde inn to instruktører.

Me håper rapporten gjev eit tilfredsstillande bilde på årets Bømloblåsen, og vil igjen takke for tilskottet.

Med venleg helsing,

Bømlo Janitsjar



v/leiar Magne Møklebust

Furunesveien 45
5420 Rubbestadneset

Mobil: 40401384
Epost: magne.moklebust@haugnett.no